

Boksøkprisen

Aina Basso – Eg rissa desse runene

Aina Basso er historikar og roman- og sakprosaforfattar. Ho er frå Giske, ei vakker og vêrhard øy i vest. Basso skriv for ungdom og vaksne og er mest kjend for sine historiske romanar. Den første kom i 2008. Sidan har ho skrive fleire romanar, ofte lagt til ei tid mellom 1600- og 1800-talet. Historiene hennar har unge kvinner som hovudpersonar og er skrivne i eit knapt, presist og lyrisk språk. To av romanane hennar blir formidla i søkerenesta Boksøk: *Eg rissa desse runene* (2023) og *Ingen må vite* (2008).

Bøkene til Aina Basso har vore nominerte til Brageprisen, Kulturdepartementets prisar for barne- og ungdomslitteratur og Nordisk râds barne- og ungdomslitteraturpris.

Eg rissa desse runene kom ut på Samlaget i 2023 og er ei samling korte noveller. Basso spinn forteljingane ut frå verkelege runeskrifter. Dei fortætta historiene er skrivne fram med realisme og beisk humor. Kvardagslivet til menneska ho skildrar er prega av tungt fysisk arbeid, därleg mat og tannverk, men her finst òg kjærleik – og det må også nemnast – ein god del vald. Nokre av karakterane dukkar opp i fleire noveller, enten i korte glimt, eller som ein integrert del av handlinga. Slik vevast forteljingane saman til ein heilskap og ei fargesterk verd lesaren kan undrast over, men òg kjenne seg så godt att i. For sjølv om tida går, er dei menneskelege kjenslene alltid dei same.

Historia er spanande, skrivestilen fengande og munnleg, sidene i boka er luftige og kapitla korte – alt dette er gode, inviterande grep som skaper stort lesedriv. Med si knappe og handlingsmetta form og si sterke kjensle for tida og folka, gjer Basso tekstane sine tilgjengelege for alle lesarar. Det er ei stor bragd.

Aina Basso er mottakar av Ordknappen 2024 for *Eg rissa desse runene*.



Leser søker bok